



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 16.12.2015  
**Møtestad:** kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17:00 – 21:30

Møtet var styrt av ordførar Øyvind Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 08.12.15 og møtet var kunngjort i pressa 25.11.15.

Ved opprop var 27 medlemmer til stades, møtande varfolk medrekna.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 19:55 - 20:05 og frå kl. 20:20 - 20:25.  
Kommunestyret hadde pause frå kl. 18:30 - 19:00.

Elev og rektor frå kulturskulen spelte 2 fine julesongar.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Morten Klementsens	BF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Ordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Beate Seveline Eknes	V	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Tor Oscar Maaseide	FrP	Varamedlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Are Nygård	AP	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Asbjørn Larsen	AP
Ørjan Evald Kristiansen	FrP
Øystein Berland Blom	H

---

**Desse møte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, kommuneoverlege Tord Moltumyr, sektorsjef teknisk Anny Bastesen, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

17. desember 2015

Øyvind Oddekalv

Randi Hilland  
konsulent

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
130/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
131/2015	Godkjenning av møtebok
132/2015	Referatsaker
133/2015	Orientering om status kommunestruktur
134/2015	Eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosialtenester - nye satsar frå januar 2016
135/2015	Vass- og avlaupsavgifter 2016, nye satsar
136/2015	Feie- og tilsynsgebyr for 2016, uendra satsar
137/2015	Gebyr for slamtømming 2016
138/2015	Renovasjonsgebyr 2016
139/2015	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2016 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)
140/2015	Framlegg budsjett 2016
141/2015	Val av medlemmer til styre i Meland Frivilligsentral
142/2015	Ungdomskontakten Salto - driftsavtale mellom Meland kommune og Lindås kommune 2016-2018
143/2015	Justering av satsane i arbeidsvilkår for folkevalde
144/2015	Reglar om tilskot til separering av private stikkleidningar i Grønlandsområdet
145/2015	Interpellasjon - Innføring av bompengar

### **130/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

Det lig føre ein interpellasjon frå Morten Klemenstsen, Bygdelista Folkeviljen som ordførar vil svare på ved slutten av møtet.

#### **KS - 130/2015 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

### **131/2015: Godkjenning av møtebok**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

#### **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

Marit Jøssang kom med følgjande protokollmerknad:

I avrøysting på K-sak 98 i står det 4 KrF. Det rette skal være 4 FrP. Feilen vil bli retta opp i møteboka.

Møtebok frå møte 14.10.15 er ikkje vorte godkjent.

#### **KS - 131/2015 VEDTAK:**

"Møtebok frå møte 25.11.15 vert godkjent med ovannemnde merknad.

Møtebok frå møte 14.10.15 vil verta sendt ut for godkjenning og verte godkjent på neste møte."

---

### **132/2015: Referatsaker**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

#### **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

**KS - 132/2015 VEDTAK:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

---

**133/2015: Orientering om status kommunestruktur**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

Ordførar orienterte frå forhandlingsmøte med Lindås og Radøy 14. 12.

- Arbeidsutval er vald.
- Skal setje opp møteplan
- Gjennomgang av intensjonsavtale som vart presentert i juni  
Avtalen kjem opp som sak på 1. møte i Kommunestyret i 2016
- Heimesida skal oppdaterast
- Utval for levekår - ønskjer fokus på kommunereform og tenesteyting

**KS - 133/2015 VEDTAK:**

"Orienteringane vert tekne til vitande."

---

**134/2015: Eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosialtenester - nye satsar frå januar 2016**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01.2016 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.

For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.»

**02.12.2015 FORMANNSKAPET**

**FS - 146/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01.2016 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.

For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.»

## 16.12.2015 KOMMUNESTYRET

### **KS - 134/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01.2016 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.

For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.»

---

### **135/2015: Vass- og avlaupsavgifter 2016, nye satsar**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Tilknytingsgebyret vert auka frå kr 10 000,- til kr 15 000,- eks mva for kvar tilknytning.»

### **03.11.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Før vedtak vart fatta orienterte to representantar frå Cowi AS om "tiltaksplanar for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019".

#### **Framlegg til vedtak frå Rune Skår, SP:**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Utvalet ber formannskapet/kommunestyret vurdere om tilknytingsgebyr framleis skal vere kr 10 000,- eks. mva per tilknytning."

**Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Rune Skår, SP, 9 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.**

### **UDU - 83/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Utvalet ber formannskapet/kommunestyret vurdere om tilknytingsavgifta framleis skal vere kr 10 000,- eks mva per tilknytning."

## **02.12.2015 FORMANNSKAPET**

### **Framlegg til tilleggsvedtak frå Nils Marton Aadland, H:**

"Administrasjonen blir beden om å utarbeide oversikt over evt. avgiftsauke ved nye investeringar i vatn og avlaup."

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå UDU vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til tilleggstekst frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.**

#### **FS - 139/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Formannskapet ber kommunestyret vurdere om tilknytingsavgifta framleis skal vere kr 10 000,- eks mva per tilknytning.

Administrasjonen blir beden om å utarbeide oversikt over evt. avgiftsauke ved nye investeringar i vatn og avlaup."

## **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

Notat frå økonomisjef Per Inge Olsen er sendt til kommunestyret på e-post.

#### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, og fall.**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### **KS - 135/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Tilknytingsgebyret vert auka frå kr 10 000,- til kr 15 000,- eks mva for kvar tilknytning.»

## **136/2015: Feie- og tilsynsgebyr for 2016, uendra satsar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2016 vert vidareført med kr 390,- eks mva pr pipe og kr 130,- eks mva pr ekstra pipeløp.»

## **03.11.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 84/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2016 vert vidareført med kr 390,- eks mva pr pipe og kr 130,- eks mva pr ekstra pipeløp.»

## **02.12.2015 FORMANNSKAPET**

### **FS - 140/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2016 vert vidareført med kr 390,- eks mva pr pipe og kr 130,- eks mva pr ekstra pipeløp.»

## **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

### **KS - 136/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2016 vert vidareført med kr 390,- eks mva pr pipe og kr 130,- eks mva pr ekstra pipeløp.»

---

## **137/2015: Gebyr for slamtømming 2016**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner at kommunale gebyr for slamtømming for 2016 vert kr 775,- eks mva for bustader og kr 387,- eks mva for fritidsbustader. Kommunestyret har ingen merknader til NGIR sine satsar.»



### **03.11.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

#### **UDU - 85/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at kommunale gebyr for slamtømming for 2016 vert kr 775,- eks mva for bustader og kr 387,- eks mva for fritidsbustader. Kommunestyret har ingen merknader til NGIR sine satsar.»

### **02.12.2015 FORMANNSKAPET**

#### **FS - 141/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at kommunale gebyr for slamtømming for 2016 vert kr 775,- eks mva for bustader og kr 387,- eks mva for fritidsbustader. Kommunestyret har ingen merknader til NGIR sine satsar.»

### **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

#### **KS - 137/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at kommunale gebyr for slamtømming for 2016 vert kr 775,- eks mva for bustader og kr 387,- eks mva for fritidsbustader. Kommunestyret har ingen merknader til NGIR sine satsar.»

---

### **138/2015: Renovasjonsgebyr 2016**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner at renovasjonsgebyret for 2016 vert auka slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 26.10.2015.»

### **03.11.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

#### **UDU - 86/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at renovasjonsgebyret for 2016 vert auka slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 26.10.2015.»

## **02.12.2015 FORMANNSKAPET**

### **FS - 142/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at renovasjonsgebyret for 2016 vert auka slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 26.10.2015.»

## **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

### **KS - 138/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner at renovasjonsgebyret for 2016 vert auka slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 26.10.2015.»

---

## **139/2015: Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2016 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2016, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

## **03.11.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 82/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2016, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

## **02.12.2015 FORMANNSKAPET**

### **FS - 143/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2016, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

## 16.12.2015 KOMMUNESTYRET

### **KS - 139/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2016, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

---

## **140/2015: Framlegg budsjett 2016**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2016. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2016 slik:

- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.

- Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.

- Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.

(Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar,

utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).

- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 422,74 mill.

3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3.

I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2016. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2016.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2016. Eigedomsskatten for 2016 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2016. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2016.

5. Framlegg til brutto investeringar i 2016 er totalt kr 155,980 mill. Av dette kr 116,380 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 39,6 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2016 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar           kr 134,825 mill.

Kapitalfond til investeringar       kr    1,30 mill.

Mva-refusjon                               kr  19,855 mill.

6. Kr 6,0 mill. vert sett av til vidareutlån av startlån.

Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 6,0 mill.

Det vert i tillegg budsjettert med følgjande postar knytt til startlån:

- a. Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.320.000,-
  - b. mottak av avdrag på vidareutlån med kr 1.500.000,-.
  - c. Bruk av fond til startlån kr 820.000,-.
7. Eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettert med kr 700.000,-  
finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.»

## **02.12.2015 FORMANNSKAPET**

### **Framlegg i møtet til endring i pkt 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2016 slik:

- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.
- Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.
- Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.  
(Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar, utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 421,34 mill.
- Rest til disponering er kr 1,4 mill. som vert å avsette til disposisjonsfond."

### **Framlegg i møtet til nytt pkt 8:**

8. Formannskapet ber om at budsjettdokumentata vert oppdaterte før dei vert lagt ut til alminneleg ettersyn.

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til endring pkt 2 vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til nyt pkt. vart samrøystes vedteke.**

#### **FS - 144/2015 VEDTAK:**

«1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2016. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2016 slik:

- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.
- Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.
- Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.  
(Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar, utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 421,34 mill.
- Rest til disponering er kr 1,4 mill. som vert å avsette til disposisjonsfond

3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skriva ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2016. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2016.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2016. Eigedomsskatten for 2016 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2016. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2016.

5. Framlegg til brutto investeringar i 2016 er totalt kr 155,980 mill. Av dette kr 116,380 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 39,6 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansierte via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2016 er finansierte slik:

Nye innlån til investeringar	kr 134,825 mill.
Kapitalfond til investeringar	kr 1,30 mill.
Mva-refusjon	kr 19,855 mill.

6. Kr 6,0 mill. vert sett av til vidareutlån av startlån.

Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 6,0 mill.

Det vert i tillegg budsjettetert med følgjande postar knytt til startlån:

- Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.320.000,-
- mottak av avdrag på vidareutlån med kr 1.500.000,-
- Bruk av fond til startlån kr 820.000,-

7. Eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettetert med kr 700.000,-, finansierte med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.

8. Formannskapet ber om at budsjettdokumentene vert oppdaterte før dei vert lagt ut til alminneleg ettersyn."

#### **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

Følgjande skriv var delt ut i møtet:

- Særutskrift frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - framlegg til budsjett 2016
- Særutskrift frå Eldrerådet - framlegg til budsjett 2016
- Særutskrift frå Arbeidsmiljøutvalet - Orientering om budsjett 2016

Rådmann orienterte.

**Framlegg til endring i budsjett 2016 i høve formannskapet sitt framlegg til vedtak frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti :**

**"Driftsbudsjettet**

1 mill. til styrking disposisjonsfondet.

200.000 til fritidsklubb Frekhaug.

Føresetnad – arbeidet må i all hovudsak skje i regi av friviljuge lag og organisasjonar.

200.000 til styrking kultur.

Midlane skal gå til auka driftstilskot idrettsanlegg.

**Verbalpunkt:**

1. Kommunestyret ber rådmannen i løpet av våren koma med ei utreiing på kva omstillingstiltak som kan gjerast, både på kort og lengre sikt, for å få ein meir berekraftig økonomi i kommunen.

2. Det skjer ei omfattande og hurtig utvikling innan omsorgsteknologi. Rådmannen blir beden om å leggje fram sak for kommunestyret om korleis slik teknologi kan nyttast i Meland.

3. Kommunestyret viser til Deloitte rapport av november 2012. Her kjem det mellom anna fram at ein bør sjå på organiseringa av den kommunale bilparken innan pleie- og omsorg.

Rådmannen blir beden om å følgje opp dette, og informere kommunestyret om status innan 01.07. 2016.

4. Kommunestyret vil ha eit ekstra fokus på oppvekstvilkår, og vil difor arbeida for å styrkja tenester for barn og unge. Rådmannen blir beden om å søkje om prosjektmidlar til tiltak knytt til dette - til dømes kommunepsykolog, ungdomskoordinator og liknande.

5. Tidleg innsats må prioriterast når det gjeld barn, unge og familiar som har særlege utfordringar.

6. Kommunestyret vil også be om at rådmannen snarast legg fram sak om innkjøp av elbilar jfr. FS sak 73/15.

7. Kommunestyret ber rådmannen følgja utviklinga i skatteinngongen nøye, slik at det kan takast naudsynte grep i tide om skatteinngongen vert lågare enn budsjettet.

**Investeringar**

3 mill. kr. til forskotering av undergang/trafikksikring Holme.

Det blir nytta midlar frå disposisjonsfondet til føremålet.

**Verbalpunkt:**

Presisering angående Bustader for vanskeligstilte – 10 mill. kr.

Midlane blir ståande unytta fram til rådmannen har lagt fram sak for kommunestyret, der ein vurderer følgjande:

1. Å inngå avtale med private tilbydarar for å sikre høvelege bustader til føremålet.
2. Vurdere noverande bruk av kommunale bustader med omsyn til tildeling, omløpshastighet, vedlikehald og organisering.

**Tilleggsframlegg frå Meland AP til investeringsbudsjett 2016:**

"Posten *Kjøp av sentrumsareal* under område *Kyrkje*, kr 3,5 mill, blir tatt ut av investeringsbudsjettet. Låneopptaket for 2016 blir redusert tilsvarande."

## Framlegg til endring av formannskapet sitt framlegg til vedtak frå Meland FrP v/Sigmund Larsen:"

### Driftsbudsjett:

1. Meland kommunestyre ber Rådmannen forbedre/trekke ned den totale kostnadsrammen i budsjettet med kr 5 000 000 i tillegg til administrasjonen sitt forslag på kr 1 400 000 slik at det totale netto resultatet blir kr 6 400 000.

2. Driftsoverskuddet foreslår fordeles slik:

- a. Kr 5 000 000 til endringsprosesser (disponert av Rådmannen)
- b. Kr 1 400 000 overføres til driftsfond

3. Meland kommunestyre ber Rådmannen å vurdere/justere følgende poster slik at det totale budsjettet blir justert i henhold til punkt 1.

<b>Kostnadspost</b>	<b>Beløp i hele tusen</b>
Grasdal skule	- 250
Rosslund skule	- 500
Sagstad skule	- 750
Vestbygd skule	- 750
Helse	- 750
Sosiale tjenester	- 1000
Barnevern	- 150
Meland sjukeheim	- 500
Meland heimetenester	- 500
Kulturkontor*	400
PUK - Plan, utbygging, komm.teknikk	- 250
<b>Sum nedtrekk</b>	<b>- 5000 (-1,18%)</b>

\* Økningen for kulturkontor skal øremerkes til drift av idretten."

## Framlegg endring av formannskapet sitt framlegg til vedtak frå Meland FrP v/Sigmund Larsen:

Meland FrP fremlegger følgende forslag til endring i investeringsbudsjettet:

### Investeringsbudsjett 2016

Investeringsområde	FORSLAG-ADM	Endring
Prosjektering ny barnehage Frekhaug	312	- 312
Utleigebustader for vanskelegstilte	10 000	- 10 000
Balkong omsorgsbustader Meland rådhu	125	- 125
Kjøp av sentrumsareal - kyrkje	3 500	- 3 500
Vassleidning Ådlandsvågen - Landsvik	12 000	- 12 000
Vassleidning Fløksand - Beitingen	11 400	- 11 400
Gravemaskin vatn/avløp	300	- 300
<b>Sum endringer i investeringsbudsjettet</b>		<b>- 37 637</b>

Alle tall i tusen

1. Meland kommunestyre ber Rådmanne trekke ned investeringsbeløpet for 2016 med brutto kr 37 637 mill."

#### **Framlegg til vedtak frå Karina Garnes Reigstad, MDG:**

"Kommunestyret ber administrasjonen setje i gang miljøsertifisering av rådhuset i 2016 og bes aktivt søkje tilskot gjennom Hordaland fylkeskommune."

#### **Framlegg til vedtak frå Meland Venstre:**

"Kommunestyret oppnemner en kommunal byggenemnd, som skal arbeide sammen med Kirkens representanter om utforming av bygget/byggene som den nye tomten skal romme."

#### **Framlegg til vedtak frå Morten Klementsens, BF:**

"Meland kommune ansetter ungdomskontakt. Midler blir tatt fra disposisjonsfondet."

#### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 27 røyster mot, og fall.**

**Framlegge til endring av formannskapet sitt framlegg til vedtak - drift frå FrP fekk 4 røyster for, (FrP), 23 røyster mot, (AP, H, SP, KrF, V, MDG, BF), og fall.**

**Framlegg til endring av formannskapet sitt framlegg til vedtak frå AP, H, SP, KrF fekk 25 røyster for, (AP, H, SP, KrF, V, MDG, BF, 2 FrP), 2 røyster mot, (FrP), og er såleis vedteke.**

**Tilleggsframlegg frå Miljøpartiet Dei Grøne vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg frå Bygdelista Folkeviljen fekk 1 røyst for, (BF), 26 røyster mot, (AP, H, FrP, SP, KrF, V, MDG), og fall.**

**Framlegg til endring av formannskapet sitt framlegg til investeringsbudsjett frå Meland FrP fekk 4 røyster for, (FrP), 23 røyster mot, (AP, H, SP, KrF, V, MDG, BF), og fall.**

**Tilleggsframlegget frå Meland AP til investeringsbudsjettet 2016 fekk 12 røyster for, (7 AP, 2 V, 2 FrP, 1 BF), 15 røyster mot, (5 H, 3 KrF, 3 SP, 2 FrP, 2 MDG), og fall.**

**Framlegg til vedtak frå Meland Venstre fekk 5 røyster for, (2 V, 2 MDG, BF), 22 røyster mot, (AP, H, FrP, SP, KrF), og fall.**

#### **KS - 140/2015 VEDTAK:**

«1. Kommunestyret godkjenner budsjett for 2016.

- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.
- Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.
- Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.  
(Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar, utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 421,34 mill.
- Rest til disponering er kr 1,4 mill. som vert å avsette til disposisjonsfond

3. Heimel for utskrivning av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2016. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2016.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2016. Eigedomsskatten for 2016 forfell i 3 like terminar



med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2016. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2016.

5. Framlegg til brutto investeringar i 2016 er totalt kr 155,980 mill. Av dette kr 116,380 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 39,6 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2016 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 134,825 mill.
Kapitalfond til investeringar	kr 1,30 mill.
Mva-refusjon	kr 19,855 mill.

6. Kr 6,0 mill. vert sett av til vidareutlån av startlån.

Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 6,0 mill.

Det vert i tillegg budsjettert med følgjande postar knytt til startlån:

- Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.320.000,-
- mottak av avdrag på vidareutlån med kr 1.500.000,-.
- Bruk av fond til startlån kr 820.000,-.

7. Eigenkapitalinnskott i KLP vert budsjettert med kr 700.000,-, finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.

### **Driftsbudsjettet**

1 mill. til styrking disposisjonsfondet.

200.000 til fritidsklubb Frekhaug.

Føresetnad – arbeidet må i all hovudsak skje i regi av frivilluge lag og organisasjonar.

200.000 til styrking kultur.

Midlane skal gå til auka driftstilskot idrettsanlegg.

### **Verbalpunkt:**

1. Kommunestyret ber rådmannen i løpet av våren koma med ei utreiing på kva omstillingstiltak som kan gjerast, både på kort og lengre sikt, for å få ein meir berekraftig økonomi i kommunen.

2. Det skjer ei omfattande og hurtig utvikling innan omsorgsteknologi. Rådmannen blir beden om å leggje fram sak for kommunestyret om korleis slik teknologi kan nyttast i Meland.

3. Kommunestyret viser til Deloitte rapport av november 2012. Her kjem det mellom anna fram at ein bør sjå på organiseringa av den kommunale bilparken innan pleie- og omsorg.

Rådmannen blir beden om å følgje opp dette, og informere kommunestyret om status innan 01.07. 2016.

4. Kommunestyret vil ha eit ekstra fokus på oppvekstvilkår, og vil difor arbeida for å styrkja tenester for barn og unge. Rådmannen blir beden om å søkje om prosjektmidlar til tiltak knytt til dette - til dømes kommunepsykolog, ungdomskoordinator og liknande.

5. Tidleg innsats må prioriterast når det gjeld barn, unge og familiar som har særlege utfordringar.

6. Kommunestyret vil også be om at rådmannen snarast legg fram sak om innkjøp av elbilar jfr. FS sak 73/15.

7. Kommunestyret ber rådmannen følgja utviklinga i skatteinngongen nøye, slik at det kan takast naudsynte grep i tide om skatteinngongen vert lågare enn budsjettert.

### **Investeringar**

3 mill. kr. til forskotering av undergang/trafikksikring Holme.

Det blir nytta midlar frå disposisjonsfondet til føremålet.

**Verbalpunkt:**

Presisering angående Bustader for vanskeligstilte – 10 mill. kr.

Midlane blir ståande unytta fram til rådmannen har lagt fram sak for kommunestyret, der ein vurderer følgjande:

1. Å inngå avtale med private tilbydarar for å sikre høvelege bustader til føremålet.
2. Vurdere noverande bruk av kommunale bustader med omsyn til tildeling, omløpshastighet, vedlikehald og organisering.

Kommunestyret ber administrasjonen setje i gang miljøsertifisering av rådhuset i 2016 og bes aktivt søkje tilskot gjennom Hordaland fylkeskommune."

---

**141/2015: Val av medlemmer til styre i Meland Frivilligsentral****Rådmannen sitt framlegg:****16.12.2015 KOMMUNESTYRET****Valnemnda la fram følgjande framlegg til vedtak:**

Medlem:

Varamedlem:

Ordfører Øyvind Oddekalv  
Leiar ULK Sølvi Knudsen

Varaordfører Nils marton Aadland  
Nestleiar ULK Stian Lavik

**Framlegg til vedtak frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:**

Medlem:

Varamedlem:

Henriette Fennelly

Beate Eknes

**Desse framlegga vart samrøystes vedteke.****KS - 141/2015 VEDTAK:**

«Medlem:

Varamedlem:

Ordfører Øyvind Oddekalv  
Leiar ULK Sølvi Knudsen  
Henriette Fennelly

Varaordfører Nils marton Aadland  
Nestleiar ULK Stian Lavik  
Beate Eknes»

## **142/2015: Ungdomskontakten Salto - driftsavtale mellom Meland kommune og Lindås kommune 2016-2018**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto for perioden 2016-2018.

Meland kommune sin del av driftskostnader er 16 % av samla kostnad for tiltaket. For 2016 utgjer dette sum stor kr. 203.000,-.

Kommunestyret ber rådmann arbeide for å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i avtaleperioden. Dette med omsyn til å innhente oppdatert ungdomsdata som kan bidra til å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er tenleg i eit førebyggjande perspektiv.»

### **03.11.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

#### **ULK - 56/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto for perioden 2016-2018.

Meland kommune sin del av driftskostnader er 16 % av samla kostnad for tiltaket. For 2016 utgjer dette sum stor kr. 203.000,-.

Kommunestyret ber rådmann arbeide for å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i avtaleperioden. Dette med omsyn til å innhente oppdatert ungdomsdata som kan bidra til å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er tenleg i eit førebyggjande perspektiv.»

### **25.11.2015 KOMMUNESTYRET**

#### **Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen, FrP:**

"Saka vert utsett."

#### **Avrøysting:**

**Utsetjingsframlegget fekk 22 røyster for, (5 AP, 5 H, 4 FrP, 3 SP, 2 V, 2 MDG, 1 BF), 5 røyster mot, (3 KrF, 2 AP), og er såleis vedteke.**

#### **KS - 98/2015 VEDTAK:**

"Saka vert utsett."

## 16.12.2015 KOMMUNESTYRET

### KS - 142/2015 VEDTAK:

«Kommunestyret godkjenner vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto for perioden 2016-2018.

Meland kommune sin del av driftskostnader er 16 % av samla kostnad for tiltaket. For 2016 utgjer dette sum stor kr. 203.000,-.

Kommunestyret ber rådmann arbeide for å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i avtaleperioden. Dette med omsyn til å innhente oppdatert ungdomsdata som kan bidra til å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er tenleg i eit førebyggjande perspektiv.»

---

## 143/2015: Justering av satsane i arbeidsvilkår for folkevalde

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret tilrår overfor påtroppande kommunestyre at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde* vert justerte med 3%, avrunda oppover til næraste 50/100 kroner, jf. framlegg til justerte retningslinjer. Retningslinjene vert elles korrigererte i høve gjeldande politisk organisering.»

## 09.09.2015 KOMMUNESTYRET

### **Framlegg til endring frå Tormod Skurtveit, AP:**

"Kommunestyret tilrår ovanfor påtroppande kommunestyre at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde* vert vidareført på dagens gjeldande nivå."

### **Framlegg til tillegg frå Ragnar Bratland, H:**

"For deltaking i årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."

### **Avrøysting:**

**Framlegget frå Tormod Skurtveit fekk 17 røyster for, ( 5 AP, 4 SP, 3 krF, 2 SAM, 2 V, 1 MDG), 9 røyster mot, (6 H, 2 FrP, 1 Uavh), og er såleis vedteke.**

**Framlegget frå Ragnar Bratland fekk 23 røyster for, (6H, 5 AP, 4 Sp, 3 KrF, 2 FrP, 2 V, 1 Uavh), 3 røyster mot, (2 SAM, 1 MDG), og er såleis vedteke**

**KS - 65/2015 VEDTAK:**

"Kommunestyret tilrår ovanfor påtroppande kommunestyre at satsane i Arbeidsvilkår for folkevalde vert vidareført på dagens gjeldande nivå.

For deltaking i årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."

**16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

**Framlegg til tillgstekst frå Marit Jøssang, KrF:**

"For deltaking i *eksterne* årsmøte..."

**Sigmund Larsen fremja administrasjonen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret tilrår overfor påtroppande kommunestyre at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde*vert justerte med 3%, avrunda oppover til næraste 50/100 kroner, jf. framlegg til justerte retningslinjer. Retningslinjene vert elles korrigererte i høve gjeldande politisk organisering.»

**Avrøysting:**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tilleggstekst frå Marit Jøssang fekk 14 røyster for, (4 FrP, 5 H, 2 V, 3 KrF), 13 røyster mot, (7 AP, 3 SP, 2 MDG, 1 BF), og er såleis vedteke.**

**KS - 143/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyre godkjenner at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde*vert justerte med 3%, avrunda oppover til næraste 50/100 kroner, jf. framlegg til justerte retningslinjer. Retningslinjene vert elles korrigererte i høve gjeldande politisk organisering.

For deltaking i eksterne årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."

---

**144/2015: Reglar om tilskot til separering av private stikkleidningar i Grønlandsområdet**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner reglar om tilskot til separering av private stikkleidningar i Grønlandsområdet i samband med kommunen sin separering av området. Reglane gjeld frå 01.01.2016.»

## **02.12.2015 FORMANNSKAPET**

### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak fekk 4 røyster for, (2 AP, H, KrF), 3 røyster mot, (FrP, SP, V), og er såleis vedteke.**

### **FS - 145/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner reglar om tilskot til separering av private stikkleidningar i Grønlandsområdet i samband med kommunen sin separering av området. Reglane gjeld frå 01.01.2016.»

## **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak fekk 14 røyster for, (7 AP, 5 H, 2 MDG), 13 røyster mot, (3 SP, 3 KrF, 2 V, 4 FrP, 1 BF), og er såleis vedteke.**

### **KS - 144/2015 VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner reglar om tilskot til separering av private stikkleidningar i Grønlandsområdet i samband med kommunen sin separering av området. Reglane gjeld frå 01.01.2016.»

---

## **145/2015: Interpellasjon - Innføring av bompengar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **Interpellasjon**

Bygdelista Folkeviljen (BF) stilte for første gang til valg ved kommunevalget 14.09.2015. En av hovedsakene var kampen mot innføring av bompenger i Meland kommune. En av lovnadene fra BF var å sette denne saken på dagsorden etter valget og det er det som nå gjennomføres ved å ta saken til behandling i det lovlig valgte organet Meland kommunestyre.

Bompenger er fremdeles ikke innført i vår kommune, men prosessen er igangsatt uten at innbyggerne i kommunen har fått uttale seg om denne for mange viktige sak. En meningsmåling foretatt i forkant av valget og gjengitt i lokalpressen viste en stor overvekt av motstand i alle partier. Det var stort engasjement i saken og slett ikke bare i BF.

I etterkant av valget har den store media interessen avtatt noe, men folket er ikke mindre engasjert av den grunn. Det er all mulig grunn til å legge til grunn at motstanden er like stor som for bare få mnd. siden.

BF ber derfor om at saken settes på dagsorden så snart som mulig til debatt i Meland kommunestyre med de retningslinjene som en interpellasjon har og skal ha.

Spørsmål til ordføreren :

**Vil ordføreren ta initiativ for at denne saken legges ut til en folkeavstemming før det innføres bompenger i Meland kommune?**

Forslag til vedtak fra BF :

**Meland kommunestyre vedtar at saken om innføring av bompenger i Meland kommune legges ut til en folkeavstemming før det innføres noen form for bompenger eller avgiftsinnføring av bruk av alle typer motorkjøretøy?**

*Morten Klementsens ( Sign.).*

Kommunestyrerepresentant Bygdelista Folkeviljen (BF).

## **16.12.2015 KOMMUNESTYRET**

*Svar på interpellasjon frå Morten Klementsens (BF), kommunestyret 16.12.2015*

Interpellasjonen frå BF v/representanten Klementsens gjeld, slik eg forstår det, i kva grad ordførar og kommunestyre ønskjer å gjennomføre ei folkerøysting før ein innfører bompengar i Meland kommune. Dette var ei hovudsak for BF i valkampen og det overraskar ingen at saka blir fremja for kommunestyret no.

Eg vil først kommentere ein påstand i uttalen frå BF. Det står at «... prosessen er igangsatt utan at innbyggerne i kommunen har fått uttale seg ...». Eg vil minne om at vi har gjennomført eit kommuneval der BF gjorde bompengesaka til ei hovudsak. Tilbakemeldinga frå innbyggjarane gjennom valet talar for seg sjølv. Saka er viktig, men det er nok ikkje ein eventuell motstand mot bompengesaka som var mest avgjerande for kva stemmeseddel det store fleirtalet av veljarane la i stemmeurna.

Nordhordlandspakken er heilt avgjerande for at vi skal kunne realisere dei ulike prosjekta som ligg i den nyleg vedtatte kommuneplanen for Meland kommune (arealdelen). Vegprosjekt som Fosse-Moldekleiv og Fløksand-Vikebø er føresetnader for at det framleis skal sikrast god vekst både i Austebygd og Rosslandsområdet. Utan Nordhordlandspakken blir rekninga for betre vegstandard, tryggare veg og betre kommunikasjonsløysingar i stor grad velta over på potensielle utbyggjarar. Eg meiner og vi må sjå på kva saksgang vi har hatt i saka som gjeld Nordhordlandspakken. Det er *fylkestinget* som har eigarskapen til saka om Nordhordlandspakken, dei ulike kommunane fekk saka til *høyring*. I den endelege høyringsuttalen frå Meland kommune tilrådde kommunestyret, til liks med alle dei andre kommunane i Nordhordland, framlegget til vegpakke. Fylkestinget krev som kjent lokal tilslutning i bompengesaker og har i ettertid send søknaden vidare til regjering/departement. Saka vil komme opp i Stortinget i vårsesjonen og bli vedtatt der.

Slik eg ser det er saka, for vår del, avgjort. Kva for vedtak vi måtte gjere om Nordhordlandspakken no, er uvesentleg sidan saka er vedtatt i fylkestinget og skal opp i Stortinget. Derfor meiner eg at det ikkje er rett å handsame denne saka no, det er gjerne rettare å seie at det *ikkje* er noko sak for kommunestyret no.

På denne bakgrunnen er svaret mitt på spørsmålet frå representanten Klementsens ganske enkelt: *nei*. Eg vil og be kommunestyret vurdere om saka i det heile tatt bør voterast over, sidan dette *ikkje* lenger er ei sak for kommunestyret. Vi kan ikkje gjere vedtak om folkerøysting i ei sak som for lengst er gått vidare til forvaltningsnivåa over oss.

Dersom saka skal voterast over vil AP sine representantar stemme mot framlegget frå BF.

Øyvind H Oddekalv  
ordførar

**Det vart røysta over realitetsbehandling av saka eller avvise saka.**

**Avrøysting:**

**Saka vart avvist med 20 røyster (AP, H, SP, KrF, MDG).**

**7 røysta for rehabilitesbehandling (BF, FrP, V).**

**KS - 145/2015 VEDTAK:**

"Saka vert avvist."

---